



Kulltreff på Skansen med sjukepleiarar frå ferdig utdanning i 1966. F.v: Gunn Klette, Eva Nordvik, Ragnhild Sandven, Wenche Nielsen, Siren Siqveland, Trude Moe, Anne Magrethe Mathisen, Anna Lothe Lindberg, Rutht Øygaard, Eva Nybø Hansen, Ann Foldestad, Dagrun Trewe. Marit Wikstrøm sit i midten.

Ei merkeleg overskrift, vil du sei. Kulltreff tyder at ein klasse møtest og minnest tida ein var saman under utdanning. Men kva har det med Allsong på Skansen å gjera. Ja, ikkje Skansen i Stockholm, men Skansen ytterst på Neset i Uskedalen. Fasiten er at sjukepleiestudentar frå Røde Kors utdanning i Bergen på 1960 talet møtest kvart år. I år var samlinga hos Anne Margrethe Mathisen på Skansen i Uskedalen. Allsong var ein del av programmet.

Det er eineståande og vi har ikkje høyrte om noko tilsvarende før, at sjukepleiestudentar har funne plass til å møtast til kulltreff kvart år sidan ferdig utdanning i 1966. Heile 13 av totalt 20 pensjonerte sjukepleiarar fann vegen til Uskedalen i denne veka og har gjennomført eit program med utflukter og sosialt samvær. Alle lever og kontakten dei imellom er svært god.

To av medlemene kom frå andre land, ei frå London i England og ei frå Gøteborg i Sverige. Elles var det frammøte frå Oslo, Kongsberg, Trondheim, Haugesund, Rosendal, Bergen, Risør, Birtavarre og Lillehammer. Kulltreffet går på omgang. For nokre år sidan var frammøteplassen ein forstad til Gøteborg.

Sjukepleiarutdanninga var i regi av Røde Kors på Sydnes i Bergen. Alle minnest godt utplassering i praksis på Valen, Stord eller Odda sjukehus. Tida på Valen var spesiell. Konrad Lunde var overlege og alle hadde hybel på Systerheimen. I Odda minnest dei også legen Hans Olav Tungesvik, som seinare vart psykiater.

Samlinga har vore ein gong før i Uskedalen. Vertskapet Anne Magrethe Mathisen er godt nøgd med frammøte og at alle har budd saman og kost seg i det store huset på Skansen. Anne Magrethe har storparten av livet sitt budd på Lillehammer, der ho vart anestisisjukepleiar på Lillehammer sjukehus. For 13 år sidan flytta ho og mannen hennar, Ola Matti Mathisen, til Uskedalen og busette seg der.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



13 av totalt 20 tidlegare sjukepleiarar samla i stova til Allsong på Skansen.